



Norddal kommune
6210 Valldal

Vedtekter for barnehagane i Norddal kommune

§ 1. FØREMÅLET MED EIN BARNEHAGE

Barnehagen skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar, føresegner og retningslinjer som Kunnskapsdepartementet til ei kvar tid fastset, og i samsvar med kommunale vedtak. Barnehagen skal vere ei pedagogisk tilrettelagt verksemd bygd på Rammeplan for barnehagen. Barnehagen skal bygge verksemda si på dei kristne grunnverdiane. Barnehagen skal gi barn i førskulealderen gode høve til utvikling gjennom leik og aktivitetar i nær forståing og samarbeid med heimen til barna.

§ 2. EIGARTILHØVE/ADMINISTRASJON

Desse vedtektene gjeld for alle barnehagane som kommunen eig og driv. Barnehagane er administrerte av styrar for den enkelte barnehage. Driftsutvalet er politisk styrande organ for barnehagane.

§ 3. FORELDRE RÅD OG SAMARBEIDSUTVAL

Kvar barnehage skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval. Foreldrerådet er samansett av foreldra/ dei føresette til barna i barnehagen. Samarbeidsutvalet er samansett av repr. frå foreldra/føresette, kommunen og dei tilsette i barnehagen slik at kvar gruppe er likt representert. Der barnehage og skule er samlokaliserte, kan det vere eit felles samarbeidsutval for skule og barnehage.

§ 4. OPPTAK

Opptak av barn i barnehagane er delegert til styrar for den enkelte barnehagen. Alle barn over 3 år som har barnehageplass etter hovudopptak får behalde plassen til dei startar på skulen - dersom dei føresette ynskjer det. For barn som har fast plass må dei føresette innan 1. mars seie opp plassen dersom oppseiinga skal gjelde for komande barnehageår. For nye søkjarar er søknadsfristen for hovudopptak også 1. mars. Søknadsskjema får ein i barnehagane, på servicetorget eller på nettsidene til kommunen. Opplysningar om tilhøve som det skal takast omsyn til ved barnehageopptaket, må fylgje søknaden. Søkjarar som meiner dei har rett til plass under opptakskriterie 1 eller 2 må ha tilråding frå lege, helsesøster, PPT, barnevernet eller barnehagestyrar. Barn som er heimehøyrande i andre kommunar kan få tilbod om plass dersom det er ledige plassar. Slike plassar kan seiast opp med 1 mnd. varsel dersom barn i Norddal treng dei. Søknader som kjem inn etter søknadsfristen den 1. mars, må vurderast etter klagefristen for hovudopptaket. Søknadene vert då handsama dersom dei er prioritert etter opptakskriterie 1 eller 2. Andre søkjarar vert plassert på varaliste i den rekkjefylgje dei kjem inn. For opptak etter søknad til barnehagane i Norddal skal opptakskriteria ha fylgjande prioritering:

- 1. Funksjonshemma barn dersom barnet vil ha nytte av opphaldet.**
- 2. Barn som av sakkunnig instans er vurdert å ha spesiell trong for barnehageplass.**
- 3. Barn som treng plass i barnehage på grunn av at foreldra er i arbeid eller under utdanning.**
- 4. Barn som har vanskelege bu - og leiketilhøve (t. d. mangel på leikekameratar, stor trafikk, ope vatn).**
- 5. Der to eller fleire står likt, skal det takast omsyn alderen til barnet – slik at eldre kjem framom yngre.**

Barnetalet i barnehagane vert å fastsetje etter føresegner til Lov om barnehagar. Klage på opptaket i barnehagane skal sendast til den barnehagen det gjeld og handsamast i Driftsutvalet.

§ 5. FORELDREBETALING

Betalingssatsane vert regulert av Lov om barnehagar gjennom føresegn om foreldrebetaling i barnehagar. Kommunestyret skal godkjenne betalingssatsane.

Matpengar kjem utanom den månadlege foreldrebetalinga.

For heildagsbarnehageplassar vert det betalt for 11 mndr. per år.

Får barnet tildelt plass innan den 15. i mnd. eller før, må ein betale for heil månad. Får barnet tildelt plass etter den 15. vert det betalt for halv månad. Juli månad er betalingsfri.

Kommunen har syskenmoderasjon.

Oppseiingstida for barnehageplassar er ein månad rekna frå den 1. i påfølgjande månad. Oppseiinga skal vere skriftleg og sendast til barnehagen.

Plass som vert sagt opp etter 31. mars, får ikkje betalingsfri i månadene fram til sommarferien.

For barn som har fast plass eller det er teke ved fast plass for, bind dei føresette seg til å betale t.o.m. oktober dersom ikkje ein kan fylle plassen frå ventelista.

Barnehagestyraren kan seie opp barnehageplassar som det ikkje vert betalt for. Dei føresette får melding om oppseiing med 1 månads frist. Uteståande foreldrebetaling vil bli lagt til grunn som avslag på plass ved seinare barnehageopptak.

§ 6. OPNINGSTIDER / STENGINGSTIDER

Barnehagane har ope inntil 9 timar pr dag. Ein følgjer barnehageruta og årsplan for den enkelte barnehage.

Kurs- og planleggingsdagane til personalet vert rekna med i det årlege barnehagetilbodet som kommunen kan tilby. Dagane skal nyttast til å styrke kvaliteten på tilbodet og å heve kompetansen til personalet. Det er sett av 5 dagar årleg. Barnehagane er stengde desse dagane.

§ 7. FERIE

Alle barn i barnehagen må ha minst 4 veker ferie i løpet av eit barnehageår, derav 3 veker samanhengande.

§ 8. HELSEATTEST/SJUKDOM

Det skal leverast helseattest for barna før dei begynner i barnehagen. For barn som går regelmessig til kontroll ved helsestasjon, hos lege o.l. kan dette gjerast på fastsett standardskjema.

Helseopplysningar som det er viktig at barnehagen får, skal ein gje uoppfordra til styrar eller pedagogisk leiar.

Sjuke barn skal ikkje møte i barnehagen. I tviltilfelle avgjer styraren dette.

Bli eit barn borte frå barnehagen pga. sjukdom eller andre grunnar, må dette meldast frå om same dag.

§ 9. LEIKE - OG OPPHALDSAREAL

Norm for leike- og opphaldsareal for heildagsbarnehagane er 4 m² pr barn over 3 år, og 5,33 m² pr barn under 3 år. Utearealet skal vere 6 gonger større enn innearealet.

§ 10. INTERNKONTROLL

Styraren i barnehagen er ansvarleg for oppfølging av internkontrollrutiner i sin barnehage. I dette arbeidet skal kommunen sitt internkontrollsystem, med rutiner særskilt tilpassa barnehagen, nyttast.

§ 11. MÅLFORM

Nynorsk målform skal, så langt råd er, nyttast i barnehagen.

§ 12. TEIEPLIKT

For all barnehageverksemd gjeld reglane om teieplikt i forvaltningslova §§ 13 til 13f tilsvarande.

Personalet har opplysningsplikt til barnevernet.

§ 13. ENDRINGAR I VEDTEKTENE

Endringar i vedtektene skal leggst fram for Driftsutvalet til endeleg avgjerd etter at samarbeidsutvala i barnehagane har fått uttale seg.